

Til Medietilsynet

Innspel om FM radio i framtida

Bør lokalradio få høve til å fortsette på FM etter 2021?

Ja lokalradio må få høve til sende på FM i framtida. Argument for dette er bl a:

Teknisk/ økonomisk:

- Bykle og Valle Radio har lagt ned ein stor innsats, økonomisk og ikkje minst med dugnad for å byggje og vedlikehalde dei 7 senderane som trengs for ei rimeleg god dekning i området vårt.
- Bykle og Valle Radio vil ikkje ha økonomi til sjølv å byggje ut DAB nett og andre tekniske installasjonar som fylgjer med.
- Me oppfattar også at det blir vesentleg større driftsmessige kostnader på fleire område. Bl a dersom DAB får større område og derav større utgifter til TONO og GRAMO utan at den økonomiske basisen blir større. Høgare straum og leige kostnader kan også vera moment som dreg med seg auka kostnader.
- Me har i dag utfordringar med å få økonomien til å gå i hop, sjølv om alt arbeid er på dugnad.
- **Ei nedlegging vil truleg bli konsekvensen dersom FM nettet blir sløkt**, eller at det offentlege finansierar nye DAB senderar med minst like god dekning som som FM har i dag, også i utkantar.
- Det kan også bli vanskeleg å ha nødvendig økonomi for større driftskostnader dersom ein ikkje får større tilskot frå det offentlege. Og det er vel lite truleg.
- Teknisk utstyr for FM er lett tilgjengeleg og rimeleg. Me har også lokal teknisk kompetanse på FM. DAB vil truleg vera ei større utfordring
- DAB er delvis utbygd i Bykle og Valle kommunar som me dekkjer. Men det er dekning bare ei sentrale delar av dalføret slik at fleire område me når med FM i dag ikkje får inn DAB sendingar.
- Det er også **bare NRK på DAB i våre område**. Me vidaresender etter avtale P4 på vårt FM nett når me ikkje har eigne sendingar. Dette får me svært positive tilbakemeldingar på frå dei områda som ikkje har DAB dekning og einaste radio alternativet i dag er FM nettet vårt.
- Etter det me oppfattar vil ikkje dagens FM frekvensar kunne nyttast til anna og ei vidareføring av FM vil derfor ikkje stå i vegen for noko.

Kultur, beredskap etc:

- Lokalradioen er svært viktig for formidling av lokal kultur og politikk.
- Me over fører kommunestyremøta i Bykle kommune og Valle kommune.
- Me har lokale kultur sendingar fleire dagar i veka.
- Lokalradioen er ein viktig sosial møteplass for alle som er med på dugnaden og ikkje minst for alle dei lokale tilhøyrerane våre i små bygdesamfunn. Innringjar program er populære.
- Lokalradioen kan vera viktig for lokal beredskap med meldingar og info ved hendingar.

Kor lenge bør lokalradio eventuelt få høve til å fortsette på FM?

- I denne omgang fram til 2031.

På kva vilkår bør lokalradio eventuelt få høve til å fortsette på FM?

- Kjenner ikkje til om det er tankar rundt endra vilkår, men dagens vilkår er vel greie nok?
- Oppfattar det som viktig at det fortsatt blir høve til å vidare sende riks kanalar som P4 då det bare er NRK på DAB i våre område. Som tidlegare nevnt har lokalradioen også dekning i område i kommunane våre som ikkje får inn DAB.

Med helsing for Bykle Radio

Olav Mandt